



Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutval

Møtedato: 13.03.2018
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 13:00 - 14:30

Det orientering i møtet om følgjande saker:

- KF kvalitet, info om status på arbeidet.
- Info om overgang vismasystem – uttak av sjukefråverstal må komme seinare.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kari Øvretveit		Arbeidstakerrep.	Meldt forfall
Kristin Meiling		Arbeidstakerrep.	Meldt forfall
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Marit Kristin Nese	Politikar		Vara for Kari Øvretveit
Ove Sæbø	Assisterande rådmann		
Tom Kristian Imsland	Politikar		

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Orienteringssaker
003/2018.1	Handlingsplan bedriftshelseteneste 2018
003/2018.2	Retningslinjer for permisjon Modalen kommune

Notat frå møtet:

001/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

003/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om status på innføringa og arbeidet med KF kvalitet, som skal vere kommunen sitt system for internkontroll, kvalitetsoppfølging og avvikssystem. Sissel Hindenes jobbar med oppbygging av systemet. Han informerte vidare om at overgang til ny versjon av programmet Visma løn, HRM og økonomi frå januar 2018 har skapt nokre utfordringar til dømes når det gjeld å hente ut sjukefråversstatistikk frå den nye versjonen. Dette vert arbeida med, og ein reknar med å ha dette på plass i løpet av våren.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

003/2018.1: Handlingsplan bedriftshelseteneste 2018

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø og Gerd Skutle frå Salutis gjekk gjennom handlingsplanen for bedriftshelsetenesta for 2018.

Vedtak:

AMU tek handlingsplanen for bedriftshelsetenesta 2018 til orientering

003/2018.2: Retningslinjer for permisjon Modalen kommune

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om dei nye retningslinene for permisjon. Han informerte samstundes om høringsprosessen som har vore, der både leiarar og tillitsvalde har fått kome med innspel til endringar og utbetringar. Det vart poengtert at dette er retningslinjer, og dei skal vere ei rettesnor ved vurdering av permisjonar som ikkje er heimla i lov og avtaleverk.

Retningslinene skal tilstrebe mest mogleg føreseieleg arbeidsgjevarepolitikk i permisjonsaker. Gjennom retningslinene legg Modalen kommune til grunn at det skal vere dialog mellom leiar og arbeidstakar når permisjon vert omsøkt.

Ein skal tilstrebe å koma fram til løysing på dei behov arbeidstakar har i sitt privatliv, men utan at dette skapar unødig ulempe for drifta. **Passeleg raus og passeleg fast** er mottoet for å skape gode løysingar som både arbeidsplassen og den tilsette er tent med.

Vedtak:

AMU sluttar seg til framlegg til retningslinjer for permisjon for Modalen kommune slik dei ligg føre
